

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Frank Tore Farsund Tveit, Nærings- og kulturavdelinga  
 Sak nr.: 19/3985-1

### Spelemidler til idrettsanlegg 2019

#### Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert løyvd midlar til følgjande nærmiljøanlegg:

Kommune	Pri.	Anleggsnr.	Søkjjar	1.søk.år	Anleggstype	Løyving
Askvoll	2	72098	Askvoll kommune	2018	Hinderløype	300 000
Balestrand	1	73194	Balestrand kommune	2018	Bocciabane	65 000
Bremanger	1	64450	Leirgulen Idrettslag	2017	Løpebane/hoppegrop	168 000
Bremanger	2	72314	Bremanger kommune	2018	Klatrepark	300 000
Eid	1	54734	Eid kommune	2017	Sandvolleyballbane	194 000
Eid	2	26769	Eid kommune	2018	Tarzanløype	58 000
Eid	3	49020	Eid kommune	2018	Rehab. Ballbinge	61 000
Eid	5	73832	Haugen og Dalen bygdeutviklingslag	2019	Turveg	299 000
Eid	6	72336	Stårheim IL	2019	Ballbinge	300 000
Flora	1	51085	Flora kommune	2016	Sykelsti	153 000
Flora	2	54776	Flora kommune	2018	Ballbinge m/lys	358 000
Flora	3	72218	Flora kommune	2018	Aktivitetspark	209 000
Førde	1	1466	Førde kommune	2017	Rehab. Ballbane	224 000
Førde	2	60124	Førde kommune	2017	Skaterampe	300 000
Førde	3	60126	Førde kommune	2017	Bordtennispark	258 000
Førde	4	60128	Førde kommune	2017	Buldrevegg	300 000
Førde	5	60114	Vie Grannelag	2017	Bandybane	226 000
Førde	7	67784	Sunde Krins Grendalag	2018	Lysløype	533 000
Førde	8	60115	Vie Grannelag	2017	Kunstgrasbane m/lys	579 000
Gaular	1	59089	Gaular kommune	2017	Lysanlegg	53 000
Gaular	2	20505	Gaular kommune	2017	Lysanlegg	43 000
Gaular	4	70445	Langeland ski og fritidssenter	2015	Sykkelløype	300 000
Gloppen	1	70651	Gloppen kommune	2017	Balanseanlegg	123 000
Gulen	1	54263	Gulen kommune	2016	Hinderløype	300 000
Gulen	2	54262	Gulen kommune	2016	Sykkelløype	300 000
Hornindal	1	54393	Hornindal kommune	2016	Klatrepark	300 000
Leikanger	1	72528	Leikanger kommune	2018	Hinderløype	300 000
Naustdal	1	60163	Naustdal kommune	2017	Streetball	300 000
Naustdal	2	60161	Naustdal kommune	2017	Rampline	300 000

Naustdal	3	60160	Naustdal kommune	2017	Buldrevegg	297 000
Naustdal	4	60159	Naustdal kommune	2017	Parkouranlegg	226 000
Selje	1	72276	Selje IL	2018	Turveg	445 000
Selje	2	72715	Stadtlandet IL	2018	Aktivitetssløype	300 000
Sogndal	1	60483	Kaupanger IL	2018	Terrensykkelpark	300 000
Sogndal	2	1153	Fjærland idrettslag	2018	Rehab. ballbinge	57 000
Sogndal	3	43974	Amlabukti grendalag	2018	Rehab. ballbinge	78 000
Sogndal	6	51334	Eidsgrenda vel	2016	Fleirbruksområde	24 000
Stryn	1	72526	Stryn TIL	2018	Rehab. ballbinge	90 000
Vågsøy	1	60359	Vågsøy kommune	2017	Pumptrack	300 000
Vågsøy	2	60336	Vågsøy kommune	2017	Streetbasket	292 000
Årdal	1	20646	Årdal kommune	2015	Klatrepark m/lys	494 000
Årdal	2	64589	Årdal kommune	2018	Crossfit	453 000
					<b>Totalt</b>	<b>10 560 000</b>

2. Det vert løyvd midlar til følgjande anlegg styrt av kommunale planar:

Kommune	Pri.	Anleggsnr.	Søkjjar	1.søk.år	Anleggstype	Løyving
Aurland	5	73101	Aurland kommune	2018	Dagsturhytte	124 000
Balestrand	3	69419	Balestrand kommune	2018	Tursti	145 000
Balestrand	5	74587	Balestrand kommune	2019	Dagsturhytte	217 000
Balestrand	2	60719	Balestrand IL	2017	Rehab. Lager	80 000
Eid	2	46124	Eid Jeger og Fiskelag	2017	Rehab. Leirduebane	77 000
Eid	3	51478	Fellesanlegget Tua SA	2016	Langrennstrasè	321 000
Eid	11	59883	Eid Kommune	2017	Rehab. Klubbhus	160 000
Eid	14	72111	Eid Kommune	2018	Sanitæranlegg	499 000
Eid	16	8660	Eid Idrettspark SA	2019	Rehab. Undervarme	140 000
Fjaler	1	30498	Fjaler kommune	2016	Rehab. Idrettshall	244 000
Fjaler	3	72110	Fjaler kommune	2017	Kunstgrasbane	1 283 000
Førde	1	50617	Sunnfjord Skisenter AS	2015	Snøproduksjon	1 000 000
Førde	3	73199	Førde kommune	2019	Tennisbane	350 000
Førde	4	73199	Førde kommune	2018	Tennisbane m/lys	101 000
Førde	5	70939	Førde kommune	2016	Skatepark	1 000 000
Førde	6	60763	Førde kommune	2017	Dagsturhytte	350 000
Førde	8	70941	Førde kommune	2016	Rulleskiløype	701 000
Gaular	1	71189	Langeland Ski og fritidssenter	2015	Snøproduksjon	1 000 000
Gaular	2	73599	Gaular kommune	2019	Dagsturhytte	404 000
Gloppen	1	50508	Gloppen kommune	2012	Friidrettstadion	1 000 000
Gloppen	6	72380	Trivselsskogen SA	2018	Turveg	356 000
Gloppen	14	72381	Trivselsskogen SA	2018	Sanitæranlegg	174 000
Gulen	1	73686	Eivindvik IL	2019	Turveg	500 000
Hornindal	1	74276	Hornindal kommune	2019	Dagsturhytte	431 000
Hyllestad	4	73271	Hyllestad kommune	2018	Dagsturhytte	362 000
Jølster	2	54688	Jølster Idrettslag	2017	Rehab. Friidrettsbane	933 000
Jølster	5	60507	Jølster kommune	2018	Dagsturhytte	156 000

Lærdal	1	62852	Lærdal skytehus sameige	2015	Klubbhus	603 000
Lærdal	5	74296	Lærdal kommune	2019	Dagsturhytte	346 000
Naustdal	2	53757	Instedalen skianlegg AS	2017	Klubbhus	52 000
Naustdal	4	73158	Naustdal kommune	2018	Turveg m/ lys	900 000
Naustdal	6	64574	Naustdal kommune	2019	Dagsturhytte	416 000
Selje	1	20531	Flatraket IL	2019	Turveg	958 000
Sogndal	3	1164	Sogndal Fotball	2016	Styrketreningsrom	300 000
Sogndal	5	59872	Sogndal Skisenter Drift AS	2017	Nedfart m/heis og lys	2 207 000
Sogndal	6	18894	Sogndal turlag	2019	Tursti	84 000
Sogndal	7	70276	Kaupanger IL	2016	Klubbhus	1 453 000
Solund	1	57168	Solund kommune	2017	Friidrett, delanlegg 1	300 000
Solund	2	57168	Solund kommune	2017	Friidrett, delanlegg 2	243 000
Stryn	1	60467	Olden IL	2017	Klubbhus	500 000
Stryn	3	74158	Stryn kommune	2019	Dagsturhytte	509 000
Vik	1	72202	Vik kommune	2018	Kunstgrasbane m/lys	525 000
Vik	2	72879	Vik kommune	2019	Dagsturhytte	449 000
Vågsøy	3	60331	Vågsøy kommune	2017	Sanitæranlegg	486 000
Årdal	1	8008	Årdal kommune	2018	Rehab. Kunstgras	1 623 000
					<b>Totalt</b>	<b>24 062 000</b>

3. Det vert løyvd midlar til følgjande anlegg styrt av «Kultur for alle» – regional plan for kultur 2019 – 2027:

Kommune	Pri.	Anleggsnr	Søkjar	1.søk.år	Anleggstype	Løyving
Askvoll	1	40619	Askvoll kommune	2019	Rehab. Idrettshall	1 000 000
Aurland	1	23264	Aurland kommune	2017	Rehab. Symjebasseng	2 500 000
Balestrand	1	23828	Balestrand kommune	2017	Elektroniske skiver	175 000
Eid	6	51482	Eid kommune	2016	Idrettshall	3 000 000
Flora	4	51059	Flora Motorsport	2016	Motorkross	677 000
Flora	5	51061	Flora kommune	2016	Idrettshall	4 500 000
Gloppen	12	65893	Trivselshagen IKS	2013	Trippelhall	5 000 000
Gloppen	13	43878	Gloppen kommune	2017	Rehab. Basseng	2 500 000
Hyllestad	1	72187	Hyllestad kommune	2018	Idrettshall	2 200 000
Høyanger	1	6580	Høyanger kommune	2018	Rehab. Idrettshall	1 000 000
Jølster	1	63491	Jølster Skyttarlag	2013	Skytebane	586 000
Jølster	2	28713	Jølster skisenter AS	2018	Rehab. Nedfart	337 000
Jølster	3	74643	Jølster kommune	2019	Idrettshall	2 000 000
Luster	1	25662	Luster kommune	2011	Treningsbasseng	4 500 000
Luster	2	5125	Luster kommune	2018	Idrettshall	1 000 000
Sogndal	4	1715	Sogn og Fj. Fylkeskommune	2016	Idrettshall	1 000 000
Stryn	2	2100	Stryn kommune	2018	Idrettshall	1 866 000

Stryn	5	74159	Stryn Turn og Idrettslag	2019	Turnhall	2 500 000
Stryn	6	72194	Olden Skyttarlag	2018	Skytebane	690 000
Stryn	7	3722	Veten IL	2019	Rehab. Hoppbakke	387 000
Vågsøy	1	74758	Vågsøy kommune	2019	Turnhall	2 000 000
Vågsøy	2	72999	Vågsøy kommune	2018	Idrettshall	2 900 000
					<b>Totalt</b>	<b>42 318 000</b>

**Vedlegg:**

1. Brev frå kulturdepartementet
2. Liste over søknadar til nærmiljøanlegg 2019
3. Liste over søknadar til ordinære anlegg 2019
4. Liste over ikkje godkjende søknadar 2019
5. Oversikt over vurderingane av tildelingar i kommunane 2019.
6. Oversikt over tal søknadar, godkjend søknadssum, tildelingsum, prosentvis tildeling etter tal søknadar og søknadssum, tilgang til anlegg, fordeling per innbyggjar.
7. Brev frå Sogn og Fjordane idrettskrins

**Andre relevante dokument i saka:**

1. Rundskriv frå Kulturdepartementet, V-0732, datert 29.06.2018.
2. Kultur for alle – Regional plan for kultur 2019 – 2027.

**SAKSFRAMSTILLING:****1. Samandrag**

Gjennom rundskriv V-0732 datert 29.06.2018 har Kulturdepartementet gjeve retningslinjer for tilskot frå spelemidlane. Kultur for alle – Regional plan for kultur, kommunale planar og prioriteringar legg viktige føringar for kva anlegg som vert prioritert for tilskot det enkelte år.

Til dei to søknadsgruppene, ordinære anlegg og nærmiljøanlegg kom det i år inn 280 søknadar med ein samla godkjend søknadssum på kr. 364 126 000. Dette er kr. 126 839 000 meir enn i 2018. 270 av søknadane er godkjende for tildeling og det er rådd tilskot til 109 søknadar.

Rammetilskotet er fordelt mellom fylka etter fordelingsnøkkelen for idrettsanlegg i St. mld. Nr. 26. «Den norske idrettsmodellen».

Regional plan for kultur 2019 – 2027 legg opp til å fordele 85 % til ordinære anlegg, fordelt med 55 % til anlegg styrt etter regional plan og 30 % styrt etter kommunale planar, og dei resterande 15 % styrt til nærmiljøanlegg.

Fylkesdirektøren rår i denne saka til å fordele kr. 76 940 000 til 109 anlegg.

I tillegg er det sett av kr. 188 000 til klagehandsaming.

Disponibel sum til fordeling kjem fram når vi summerer slik:

- Rammetilskotet: kr. 73 840 000
- Rentemidlar: kr. 776 000
- Tilbakebetalte midlar kr. 572 000
- Inndregne midlar: kr. 1 940 000

Fylkesdirektøren rår i denne saka til å nytte kr. 10 560 000 til nærmiljøanlegg. Det vil seie at 42 av 123 godkjende søknadar får tildeling.

Fylkesdirektøren rår også til å nytte kr. 66 380 000 til ordinære anlegg. Det vil seie at 67 av 147 godkjende søknadar får tildeling.

## **2. Bakgrunn for saka**

Spelemidler til idretts- og friluftslivsanlegg er heimla i Lov om pengespel mv. av 28. august 1992 nr. 103. Forskriftene er gjevne ved kongeleg resolusjon av 11. desember 1992.

For at ein søknad om spelemidler skal kunne fremjast er det eit vilkår at anlegget er prioritert i handlingsprogrammet i ein vedteken «kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv». Vidare er det eit krav at søknaden fyller fleire krav om dokumentasjon, som idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning, kostnadsoverslag, finansieringsplan med dokumenterte postar, driftsplan, og avtale om rett til bruk av grunn.

Kultur for alle – Regional plan for kultur 2019 -2027 styrer tildeling til dei store anlegga i fylket. Dette er anlegg fylkestinget har vurdert som kostnadskrevjande, arealkrevjande og som kan vere ei miljø-messig belastning. Type anlegg dette gjeld er: motorsportsanlegg, utandørs skytebane, alle typar hallar inklusiv delement, kunstgrasbaner lik eller større enn 64x100 meter, hoppanlegg større enn K40 inklusiv plastlegging, golfanlegg, alpintanlegg med høgdeskildan 100 meter eller meir, rulleskibaner og kunstisbaner.

## **3. Viktige plandokument/saksgang/reglar for tildeling**

### **3.1 Plandokument**

Kultur for alle – Regional plan for kultur 2019 -2027. Vedtekne kommunale planar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

### **3.2 Lover reglar og føresenger**

Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (V-0732) – 2018.

### **3.3 Saksgang for spelemiddelsøknadar**

- Søknaden skal sendast elektronisk via [www.anleggsregisteret.no](http://www.anleggsregisteret.no) til kommunen. Kommunane bestemmer sjølv søknadsfrist, og handsamar og prioriterer søknadane på eigne prioriteringslister for både ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.
- Innan 15. januar skal kommunane sende søknadane elektronisk til fylkeskommunen. Etter gjennomgang av søknadane skal fylkeskommunen sette opp liste for kvar søknadsgruppe.
- Innan 15. mars skal listene sendast over til idrettsavdelinga i Kulturdepartementet. På grunnlag av disponibelt overskot i Norsk Tipping AS vert rammene for kvar fylkeskommune fastsett i statsråd.
- Seinast 1. mai skal fylkeskommunane få melding om rammetilskotet.
- Fylkeskommunen (Hovudutval for næring og kultur) fordeler rammetilskotet + mogelege rentemidler, tilbakebetalte og inndregne midlar for 2017.
- Melding om fordeling skal sendast Kulturdepartementet innan 1. juli.
- Brev ut til søknadane med melding om vedtak og vilkår for tildelte midlar vert sendt første del av juni månad.

### **3.4 Klage**

Forvaltningslova § 27 og 28, gjev søkjarar som har fått avslag rett til å klage på vedtaket. Hovudutval for næring og kultur handsamar klagen som underinstans. Klageinstans er Kulturdepartementet.

Føresegner om tilskot seier at rentemidler og inndregne midlar skal vere tilgjengeleg ved handsaming av klagesaker, anten det er fylkeskommunen eller Kulturdepartementet som gjev klagaren medhald.

### **3.5 Søknadsgrupper**

Søknadane er delt i 2 søknadsgrupper.

1. Nærmiljøanlegg.
2. Ordinære anlegg.

### **3.6 Søknadstype**

- Gjenteken: Søknadar som har fått startløyving og som skal ha ytterligere tilskot i år.
- Fornya: Søknadar som har søkt tidlegare, men som enno ikkje har fått tildeling.
- Ny: Søknadar som ikkje har søkt tidlegare.

### 3.7 Reglar for prioritering av spelemidlane

3.7.1 Kulturdepartementet har i brev av 10. mai 2019 gjeve følgjande reglar for tildeling av spelemidlar:

- «1. Søknader som har fått tildeling tidligere skal få dekket resteløpet (gjentatte søknader).
2. Det resterende beløpet nyttes til andre godkjende søknader.
3. Anlegg spesielt tilrettelagt med nedsett funksjonsevne prioriteres.
4. Anlegg som får tilskudd lik eller mindre enn normalsatsen, kr. 1 000 000 (ekskl. særlige tilskuddssatser) skal ikke deles.
5. Anlegg som får tilskudd større enn normalsatsen kan få tilskuddet fordelt over to år, med en halvdel hvert år.
6. Anlegg som får tilskudd på mer enn kr. 5 000 000 kan få tilskuddet fordelt over tre år, med en tredjedel hvert år.
7. Anlegg som ikke tildeles midler i år kan søke på nytt og bli vurdert ved neste års fordeling, på linje med andre søknader.
8. Det er kun prosjekter som inngår i en vedtatt kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet som er tilskuddsberettigede (om nærmiljøanlegg, se bestemmelsene V-0732, pkt 3.1.1.)»

#### 3.7.2 Fylkeskommunale prioriteringar

Følgjande prioriteringar er lagt til grunn i fylkesdirektøren sitt framlegg til fordeling av spelemidlane:

##### *Fordeling på anleggstypar*

Kultur for alle – Regional plan for kultur 2019 – 2027 legg opp til at tilgjengelege midlar vert fordelt på følgjande måte:

Nærmiljøanlegg;	inntil: 15 %.
Ordinære anlegg styrt av kommunal plan;	inntil: 30 %.
Ordinære anlegg styrt av regional plan;	inntil: 55 %.

##### *Friluftsliv*

Som eit tiltak i regional plan er friluftsliv-søknadar prioriterte for tildeling i løpet av dei to første godkjende søknadsåra. I førre regional plan var friluftslivssøknadar prioritert for tildeling i første godkjende søknadsår. I 2017 og 2018 var det ei stor auke i tal godkjende søknadar til friluftslivsanlegg, med tildeling på om lag 11 mill. kr i 2017 og i overkant av 16 mill. kr i 2018. Dette kan ha samband med at søknadar for friluftsliv i denne perioden vart godkjende første søknadsår. Grunna at tildelinga til friluftslivsanlegg vart noko høg i forhold til andre anleggstypar vart derfor ordlyden i tiltaket endra til at godkjende søknadar til friluftslivsanlegg kan få tildeling i løpet av dei to første søknadsåra.

##### *Oppfølging av Kulturdepartementet sine særlege prioriteringar*

For søknadsåret 2019 har ikkje Kulturdepartementet særleg prioriterte føringar for tilskot slik det har vore enkelte år tidlegare, som for eksempel tilskot til utskifting av PCB-holdige lysarmatur i lysløyper.

##### *Tildeling*

Fylkesdirektøren har eit mål om at alle kommunar som søker spelemidlar skal få tildeling til minst eitt anlegg. Dei kommunale prioriteringane vert lagt til grunn og følgt opp so langt som råd. For å innfri målet om tilskot til anlegg i alle kommunane må dette også sjåast opp mot at dette kan vere anlegg i regional plan, friluftslivsanlegg eller nærmiljøanlegg. Ut over prioriteringslistene etterstrevar fylkeskommunen å tildele anlegg i frivillig sektor og anlegg som er ferdig utbygd og ferdig revidert.

##### *Nokre særlege problemstillingar – kommunale prioriteringar*

Kommunane prioriterer sine søknadar i to grupper; nærmiljøanlegg og ordinære anlegg. Fylkesdirektøren legg som hovudprinsipp dei kommunale prioriteringane til grunn for arbeidet med

tilråding til fordeling av spelemidlane. Dette kan gje utfordringar i enkelte kommunar, der kommunar prioriterer anlegg som er prioritert i handlingsprogram for anlegg i regional plan, saman med anlegg for friluftsliv høgt. Dette kan gjere det utfordrande å tildele eldre, fornya søknadar som er fornya over fleire år. Som hovudregel vert likevel anlegget som er prioritert øvst anten som nærmiljøanlegg eller ordinært anlegg prioritert for tildeling.

#### *Nokre særlege problemstillingar – regional plan*

Handlingsprogram for anlegg i regional plan for kultur styrer ein stor del av tildelingane år for år, og desse er vedtekne i fylkestinget sak 51/18, den 04.12.18. For søknadsåret 2019 har to anlegg som var prioritert for tildeling i 2019 ikkje fått godkjend søknadane sine. Desse må derfor søkje på nytt til neste år. På bakgrunn av dette og at rammetilskotet frå Kulturdepartementet er noko høgare enn forventta, har fylkesdirektøren auka tildelingssummen på fleire av dei andre prioriterte anlegga. Det skal også nemnast at to anlegg som var prioritert for tildeling i 2018, bad om utsetting til 2019 og derfor er prioritert.

## **4. Årets søknadar – midlar til fordeling – vurdering og konsekvensar**

### **4.1 Innkomne søknadar**

Tal søknadar i 2019 er noko lågare samanlikna med i 2018. I 2019 kom det inn 280 søknadar, mot 294 søknadar i 2018. I 2017 kom det 328 søknadar. Det skal nemnast at det før søknadsåret 2018 vart mogeleg å slå saman fleire tiltak til ein søknad, når det knyt seg til ei aktivitetsflate. Dette kan forklare mykje av nedgangen i tal søknadar, då vi tross nedgang i tal søknadar registrerer ei auke i søknadssum.

Type anlegg det er søkt til fordeler seg slik:

- Ordinære anlegg: 151 søknadar – av desse er 147 godkjend for tildeling av spelemidlar.
- Nærmiljøanlegg: 129 søknadar – av desse er 123 godkjend for tildeling av spelemidlar.

Søknadane fordeler seg slik når det gjeld ny/fornya/gjentatt søknad:

- Gjentatt søknad: 15
- Fornya søknad: 184
- Ny søknad: 97

### **4.2 Fordelingskriterier for rammetilskotet til fylka**

Rammetilskotet frå spelemidlane vert fordelt mellom fylka etter fordelingsnøkkelen for idrettsanlegg, fastsett av Stortinget i Stortingsmelding nr. 26, «Den norske idrettsmodellen». Stortinget sitt vedtak om opptrapping av tippennøkkelen slik at 64 % av overskotet til Norsk Tipping AS går til idrettsføremål er gjennomført. Fordelingsnøkkelen fordeler rammetilskotet til fylka etter følgjande vekting;

- Godkjend søknadssum (50%)
- Tal innbyggjarar i fylket (25%)
- Anleggsdekning (25%)

### **4.3 Rammetilskot og samla sum til fordeling 2019**

#### 4.3.1. Rammetilskotet og bruken av dette

I brev frå Kulturdepartementet, datert 10. mai 2019 har Sogn og Fjordane fylkeskommune fått melding om ei tilskotsramme på kr. 73 840 000. Kultur for alle – Regional plan for kultur legg opp til å fordele denne tildelinga slik:

- Nærmiljøanlegg – 15 %.
- Ordinære anlegg – tildeling styrt etter regional plan 55 %, og etter kommunale planar 30 %.

#### 4.3.2. Inndregne spelemidlar, tilbakebetalte midlar og rentemidlar

Inndregne midlar, tilbakebetalte midlar og rentemidlar skal leggest til årleg rammetilskot og nyttast til føremålet.

Pr. 10. mai 2019 utgjer dette:

- Rentemidlar: kr. 776 000
- Tilbakebetalte midlar: kr. 572 000

- Inndregne midlar: kr. 1 940 000

#### 4.3.3. Samla sum til fordeling i 2019

Årets tildeling frå Kulturdepartementet, inndregne midlar, tilbakebetalte midlar og rentemidlar gjev ein samla sum til fordeling i 2019 som fordeler seg slik:

- Rammetilskotet: kr. 73 840 000
- Rentemidlar: kr. 776 000
- Tilbakebetalte midlar kr. 572 000
- Inndregne midlar: kr. 1 940 000

Dette gjev ein samla sum på kr. 77 128 000. Kr. 76 940 000 vert tilrådd løyvd i denne saka. I tillegg er det sett av kr. 188 000 til eventuelle klagesaker. Dersom det ikkje kjem klagesaker kan midlane tildelast ordinære søknadar når klagefristen er gått ut, ev. overførast til 2020. Fylkesdirektøren har i år har gjennomført ein grundig gjennomgang av tildeling og utbetaling av spelemidlar fleire år tilbake. Dette har ført til at det er gjort tilgjengeleg ein større sum inndregne midlar enn tidlegare år. Desse midlane kan fordelast saman med rammetilskotet.

#### 4.4. Samhandling med Idrettskrinsen og Forum for natur og friluftsliv (FNF)

Fylkesdirektøren samhandlar tett med Sogn og Fjordane idrettskrins og Forum for natur og friluftsliv når det gjeld informasjon og skulering i høve spelemiddelordninga. Det er også naturleg å drøfte framlegg til fordeling med dei. Fylkesdirektøren informerte derfor om framlegget til fordeling i møte med organisasjonane 2. mai. Uttale frå idrettskrinsen ligg ved saka som vedlegg nr. 7. Eventuell uttale frå Forum for natur og friluftsliv vil bli ettersendt, eller lagt fram i møtet.

## **5. Nærare om anleggstypar, tilskot og vurderingar**

### **5.1. Nærmiljøanlegg**

Vi har motteke 129 søknadar, der 123 av desse kunne godkjennast. Godkjend søknadssum i 2019 er kr. 33 863 000. Dette er kr. 3 090 000 meir enn i 2018.

Det vert tilrådd å løyve kr. 10 560 000 til 42 av 123 godkjende søknadar. Dette utgjer om lag 13,7 % av samla tildeling.

Høyanger søkjer ikkje om midlar til nærmiljøanlegg. Aurland og Fjaler har ingen godkjende søknadar om midlar til nærmiljøanlegg. Fylkesdirektøren finn ikkje rom for å tildele midlar til nærmiljøanlegg i Hyllestad, Jølster, Luster, Lærdal, Solund og Vik ettersom eldre ordinære søknadar, søknadar til ordinære anlegg for friluftsliv og søknadar i regional plan vert prioritert framom i desse kommunane. Ventetida for nærmiljøanlegg er om lag 2 år.

### **5.2. Ordinære anlegg**

Vi har motteke 151 søknadar, der 147 av desse kunne godkjennast. Godkjend søknadssum i 2019 er kr. 330 263 000. Dette er kr. 123 749 000 meir enn i 2018.

Etter føringane i regional plan skal 85 % av løyvinga tildelast ordinære anlegg styrt av regional plan og kommunale planar. Fylkesdirektøren tilrår å tildele kr. 66 380 000 til 67 av 147 søknadar. Dette utgjer om lag 86,3 % av samla tildeling. Fylkesdirektøren rår at det vert løyvd kr. 43 118 000 til 22 anlegg som får styrt tildeling etter regional plan. Dette utgjer i om lag 55 % av samla tildeling.

### **5.3. Oversikt over årleg %-vis fordeling av tilskot til anlegg i regional plan og kommunale planar**

År	%-vis tildeling etter RP	%-vis tildeling etter kommunale planar
2014	55,0 %	45,0 %
2015	67,0 %	33,0 %
2016	52,7 %	47,3 %
2017	46,3 %	53,7 %
2018	49,2 %	50,8 %
2019	55,0 %	45,0 %



## Utvikling av rammetilskotet til Sogn og Fjordane

2014	29 091 000 kr.
2015	37 100 000 kr.
2016	45 823 000 kr.
2017	53 266 000 kr.
2018	59 471 000 kr.
2019	73 840 000 kr.

**5.4. Vurderingar**

Sogn og Fjordane har fått ei god rammetildeling i 2019. 109 anlegg får tildeling i 2019, mot 105 anlegg i 2018 og 107 anlegg i 2017. Det vert jobba godt med etablering og rehabilitering av anlegg i kommunane i fylket og fleire kommunar har rekordhøg søknadssum i år. Vi ser særleg ei stor satsing på etablering og rehabilitering av idrettshallar og symjebasseng, samt ei satsing på å styrke uteområda ved fleire skular.

I Sogn og Fjordane er anleggsdekninga (tal anlegg per innbyggjar) høg samanlikna med landet elles. Kommunane er ansvarlege for å oppdatere anleggsregisteret og fylkeskommunen har det siste året arbeidd systematisk, i samarbeid med kommunane med å kartlegge anlegg som er nedlagde og som ikkje lenger eksisterer, slik at desse får rett status i anleggsregisteret. Dette kan ha vore med å påverke til auka i tildeling til fylket. Ein annan viktig faktor for å ikkje auke anleggsdekninga ytterligare er å rehabiliterer eksisterande anlegg. Dette er også viktig for å auke kvaliteten på anlegga. Dei siste åra har det vore ei stor satsing på rehabilitering, og denne satsinga ser vi også i år.

Fylkesdirektøren legg også i år opp til å halde fast ved ein tildelingspolitikk der alle kommunar i fylket som har godkjende søknadar, og søknadar som kan få tildeling skal få til minst eitt anlegg. Prioriteringslistene i kommunane vert som hovudregel lagt til grunn. Dette gjev ei god fordeling mellom kommunane, noko som kan motivere til ei auka anleggssatsing i fleire kommunar samstundes. Fylkesdirektøren legg opp til ei fordeling av midlane der presset på å byggje anlegg er stort og anleggsdekninga er låg. Dette betyr at kommunar med mange søknadar og høg godkjend søknadssum som Eid, Flora, Førde, Gloppen, Sogndal, Stryn og Vågsøy får ei forholdsvis god tildeling.

Satsing på anlegg for friluftsliv er viktig for å nå visjonen om fysisk aktivitet for alle. I handlingsprogrammet til regional plan for kultur som vart vedteke i fylkestinget 04.12.18 er det ei føring om at søknadar til anlegg for friluftsliv vert prioritert for tildeling i løpet av dei to første søknadsår under føresetnad av godkjend søknad. I den føregåande regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv som var gjeldande til og med søknadsåret 2018 var det ei føring om å tildele til anlegg for friluftsliv i første godkjende søknadsår. Dette har bidrege til at det dei siste åra har det vore ei svært stor satsing på friluftslivsanlegg. I år vert det fordelt kr. 8 124 000 til 22 friluftslivsanlegg, dette er ei god tildeling men likevel noko mindre enn dei to siste åra. I 2018 vart det tildelt kr. 14 014 000 til friluftsliv fordelt på 38 søknadar. I 2017 vart det tildelt kr. 11 573 000 fordelt på 18 anlegg. Noko av bakgrunnen for dei store tildelingane på friluftslivsanlegg, i tillegg til den tidlegare regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, har vore satsinga på dagsturhyttene. I tillegg ser vi at det også har vore ei auke i etablering og rehabilitering av turvegar og turstiar.

Det er eit mål for alle som søker å få sine søknadar godkjend. Sogn og Fjordane får ei god rammetildeling i 2019, som kunne vore endå høgare om fleire søknadar hadde vore godkjend. I år er 96,5 % av søknadane godkjend. Manglande finansiering og/eller manglande/utgått idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning er bakgrunnen for at nokre søknadar ikkje vart godkjend. Fylkesdirektøren viser til vedlegg nr. 4 for meir informasjon om ikkje godkjende søknadar. Godkjend søknadssum tel 50 % av vektninga ved vurdering for tildeling av Kulturdepartementet. På bakgrunn av dette har fylkesdirektøren hatt tett oppfølging av kommunar med låg godkjenningsprosent, med mål om å auke denne. Dette har ein i stor grad lukkast med, likevel syner årets søknadsrunde at dette må arbeidast vidare med dei kommande åra.

Ved årets tildeling er vert det tilrådd å løyve midlar til 109 anlegg frå både ordinær ramme, rentemidlar, inndregne og tilbakebetalte midlar. Det er ei god spreing mellom anleggstypar som får tildeling. Fylkesdirektøren har vurdert årets tildeling på bakgrunn av nasjonale reglar for

tildeling, samt vedtekne fylkeskommunale føringar. I tillegg har vi vurdert tidlegare års tildeling til kommunane som grunnlag ved årets tildeling. Fylkesdirektøren har valt å leggje ved ei vurdering av tildelte søknadar frå kvar enkelt kommune. Desse vurderingane ligg i vedlegg nr. 5.

Ventetida for tildeling av spelemidlar har dei siste åra stabilisert seg til om lag 3 år. For søknadsåret 2019 ser vi totalt ein auke i søknadssum på kr. 126 839 000. Dette vil truleg medføre at ventetida for tildeling av spelemidlar vil auke igjen. Fylkesdirektøren vil arbeide for lågast mogeleg ventetid for tildeling. Dette er viktig for å styrkje rammevilkåra for organisasjonar som bidreg til fysisk aktivitet.

## **6. Konklusjon**

Fylkesdirektøren viser til drøftingane i saka, og dei forslag til prioriteringar som er gjort. Fylkesdirektøren rår til vedtak i samsvar med framlegg til vedtak.